

## NOTAT

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Sjukehusapoteka Vest

**DATO:** 12.09.2019  
**FRÅ:** Administrerende direktør Jon Bolstad  
**SAKSHANDSAMAR:** Fagdirektør Christer Bakke Frantzen  
**SAKA GJELD:** **Medisinstart over video**  
**ARKIVSAK:**  
**STYRESAK:** **021/19 Administrerende direktør si orientering, pkt. 2**

**STYREMØTE:** **01.10.2019**

---

### Oppsummering

SAV tek sikte på å starte pilotering av videokommunikasjonsløyising frå Videonor til bruk ved farmasøytisk rådgjeving i publikumsavdelingane (Medisinstart) og i Avdeling for farmasøytiske tenester i løpet av hausten 2019.

### Fakta

I SAV sin strategi står det som tiltak under temaområde «Pasienten sin helseteneste» og temaområde «kommunikasjon og prioritering»: [SAV skal] Greie ut bruk av elektroniske løysingar for økt tilgjenge av farmasøytisk rådgjeving for kundar og pasientar.

SAV har med bakgrunn i tiltak i strategiplan oppretta kontakt med tilbydar av videokommunikasjons-løysing, med sikte på å pilotere gjennomføring av samtale nr 2 i tenesta Medisinstart (oppstartsrettleiing) med støtte av videoteknologi. I tillegg blir det sett på moglege aktuelle pilotområde innafor farmasøytisk rådgjeving. Her vil pilotering måtte skje i samarbeid med aktuell klinikk.

Løysinga har eit særskilt grensesnitt for sluttbrukar (apotekkunde/pasient) og krev ikkje nedlasting av programvare, kun tilgjenge av smarttelefon. Føremålet med utprøvinga er først og fremst å skaffe erfaring med bruk av denne typen løysingar i føretaket, og hauste erfaring med korleis denne kan bidra til å forenkle arbeidsprosessar og betre tilgjenge av farmasøytisk kompetanse.

### *Om medisinstart/oppstartsrettleiing*

Medisinstart, eller oppstartsrettleiing, er ei teneste som alle norske apotek har tilbod om. Tenesten rettar seg mot pasientar med hjarte- og karsjukdommar som skal starte med perorale,

blodfortynnende legemiddel, blodtrykksenkende eller kolesterolsenkende legemiddel, og som der det kan ventast utfordring med å etterleve legemiddelbehandlinga.

Oppstartsrettleiing består av to samtalar. Den første samtalen blir normalt gjennomført ein til to veker etter oppstart med nytt legemiddel, og den andre samtalen går føre seg tre til fem veker etter oppstart.

Normalt skal samtalanene bli gjennomført i apoteket sitt informasjonsrom, men telefon kan og nyttast. Begge samtalanene skal vere med den same farmasøyten. Pasienten kan få rettleiingssamtale i opp til tre månader etter oppstart av behandling med eit nytt legemiddel. Kun farmasøytar som har fått opplæring i tråd med Apotekforeningen sin bransjestandard kan utføre Medisinstart. Tenesta er gratis for pasienten, medan apoteket får refundert 225 kroner for kvar av samtalanene.

### **Om Videonor**

*Videonor AS er et norsk selskap med 100% fokus på drift og leveranse av videokonferanse-relaterte tjenester. Selskapet ble etablert i 2010 og har siden vokst seg til å bli en av de største sky-tjenesteleverandørene innen profesjonell videokonferanse i Nord-Europa. I desember 2017 gikk Telenor AS inn i Videonor som selskapets største eier. Videonor AS eier og drifter i tillegg videotjenesten appear.in som hver måned har mer enn 1,3 millioner unike brukere spredt over hele verden. Telenor er i dag en partner av Videonor og videreselger Videonor sine videotjenester under sitt eget merkenavn 2Meet. Telenor har i dag en rammeavtale (via Sykehusinnkjøp) som alle Helseforetakene kan kjøpe på. Her inngår videotjenesten 2Meet.*